

## **Prosjekt: Heilskapleg forvalting av landskapet**

- kystskogbruk og ope landskap i Nordhordland

Forslag 25.11.2015

Peter Emil Kaland, Kari Evensen Natland, Arne Abrahamsen

## **Innhold**

|   |    |
|---|----|
| 1. Samandrag:.....                            | 3  |
| 2. Bakgrunn: .....                            | 3  |
| 3. Overordna visjon for prosjektet .....      | 4  |
| 4. Prosjektforslag:.....                      | 5  |
| a. Forprosjektet:.....                        | 5  |
| b. Hovudprosjektet:.....                      | 8  |
| 5. Budsjett: November 2015 – april 2016 ..... | 10 |
| 6. Vedlegg:.....                              | 11 |

## **1. Samandrag:**

Prosjekt «Heilskapleg forvalting av landskapet» er del av biosfæreressatsinga i Nordhordland. Det har som overordna mål å ta gjengroings-utfordringane i Nordhordland frå problem til ressurs. Prosjektet er tenkt gjennomført i 2 fasar. I fase 1, pilotprosjektet, skal vi kartlegge behov i eit mindre område, og prøve ut enkle tiltak. Vi samlar inn og knytt til oss relevant kunnskap og erfaring og arrangerar mellom anna ein konferanse om Bioøkonomi. Vidare skal vi i forprosjektet avklare rammene for, organisering av, og dei konkrete aktivitetane som skal gjennomførast i hovudprosjektet.

Fase 2 er planlagt som eit 3-årig prosjekt der ein bygger på erfaringane frå piloten, men setter inn fleire tiltak og utvidar dei geografiske rammene for aktiviteten. Informasjon til, og kommunikasjon med, alle interessentar vert viktig. Planen er at tiltaka skal prøvast ut og evaluerast i ei forsking-samanheng. Målet er å utvikle tiltak og prosedyrar som etter prosjektet kan takast i bruk i heile regionen og som kan overførast til andre kystkommunar som har dei sama utfordringane som vi har i Nordhordland.

## **2. Bakgrunn:**

Nordhordland arbeidar no fram ein søknad om å bli det første UNESCO Biosfæreområde i Norge. Eit biosfæreområde er eit modellområde for berekraftig utvikling, der forsking og kunnskapsdriven utvikling står sentralt. I Nordhordland byggjer vi satsinga rundt vår unike kombinasjon av ressursar. Ei rekke ulike prosjekt og tiltak skal gje Nordhordland Biosfæreområde identitet. I arbeidet med biosfæreprosjektet, gav alle kommunane i regionen tilbakemelding på at dei ønska å prioritere handsaming av utfordringane knytt til gjengroing i kystlandskapet. Prosjektet 'Heilskapleg forvalting av landskapet – kystsogbruk og kystlynghei' er eit forsøk på å setje dette arbeidet inn i ein samanheng der resultatet er praktiske tiltak, men der kompetansemiljøa på universitet og høgskular trekkas inn og bidrar til at aktivitetane vert evaluert slik at tiltaka kan nyttast i andre regionar med lik problematikk.

### *Om kystlandskapet i Nordhordland:*

Som andre regionar langs Norskekysten har Nordhordland i dei siste hundre åra gått gjennom store endringar i levemåte og næringsgrunnlag. Det tradisjonelle jordbruket med intensiv utnytting av inn- og utmark til grasproduksjon og beiting er på retur. Bruk er lagt ned og driftsformene endra. Dette har i seg sjølv fått stor betydning for kulturlandskapet. Der sau og geit tidlegare beita ned krattskogen, veks han i dag mange steder fritt. Intensiv skogplanting har gjort at vi i sum har fått ei kraftig gjengroing i kystlandskapet:

- Planting av **produksjonsskog** (norsk gran og sitkagran) langs heile Norskekysten. Noko av denne skogen har vore godt forvalta, men fleire stader har skogen fått vekse utan forsvarleg skjøtsel. Noko skog er hogstmoden, men størstedelen er fortsatt ung skog som bør stå i ytterlegare 20-30 år for å gje økonomisk vinst. Det er trøng for rydding og tynning i produksjonsskog.

- **Leskogplanting** i vindutsette område. Ein del av denne skogen har utvikla seg til krattskog.
- **Krattskog** ved gjengroing av skog på tidlegare ope areal (jordbruksareal, lystgård mv.) som følgje av endra husdyrhald og mindre beite og frøspreiing frå anna skog. Mykje av denne krattskogen er ikkje ønska.

Resultatet er at det langs Norskekysten i dag finst mykje skog av varierande kvalitet som for mange primært vert oppfatta som eit problem. Den har svekka tradisjonelle kulturlandskap, den stengjer for utsikt, fortreng opphavleg vegetasjon og utgjer nokre stader ein betydeleg risiko for bustadområde ved brann eller uvêr.

På same tid kan skogen sjåast på som ein verdifull ressurs.

Vi ønskjer gjennom arbeidet med forvaltinga av landskapet i Nordhordland og utvikle praktiske grep som kan bidra til å hindre uønskt spreiing, permanent fjerning av skogen der det er riktig, utnytting av hogstmoden skog eller vidareutvikling av eit meir profesjonelt kystsakbruk der tilhøva ligg til rette for det.

### **3. Overordna visjon for prosjektet**

Nordhordland skal bli eit modellområde for heilsakleg forvalting av kystlandskapet.

#### **Hovudmål:**

Vi vil ta gjengroing frå problem til ressurs. Prosjektet skal gje grunnlag for næringsutvikling i skog- og landbruket. Vi skal kartleggje, utvikle ein plan for, og gjennomføre tiltak for forvalting av den planta skogen (både Sitka og anna skog) i Nordhordland. Dette skal gjerast på ein sånn måte at ein tek vare på verdiane i desse ressursane der det er tenleg, og sørger for permanent fjerning og stopp av vidare tilgroing i område kor skogen er uønskt eller til hinder for anna bruk.

#### **Delmål:**

- Finne praktiske og berekraftige løysingar på utfordringane ved uønskt tilgroing.
- Teste desse ut i pilotområder.
- Bidra til å sikre kystlyngheiene og gjere det opne landskapet til ein ressurs, både i Nordhordland, og med utgangspunkt i erfaringane herfrå, også i resten av Norge (jf. Regjeringa sin nye verneplan for kystlyngheier).
- Bidra til å sikre berekraftig og lønsamt kystsakbruk i regionen (jf. Melding om kystsakbruket 2015)
- Utvikle Nordhordland som eit modellområde for handtering av tilgroings-problematikk langs kysten.
- Utvikle eit nasjonalt kompetansemiljø innan tilgroings-problematikk tufta på lokal kompetanse og i samarbeid med nasjonale forvaltingsmynde, skogeigarane sine interesseorganisasjonar, miljøorganisasjonane, og regionale og nasjonale FoU miljø.

## **4. Prosjektinnhald:**

Visjon og mål for prosjektet er ambisiøst og omfattande, og hovudprosjektet vil, dersom vi lykkast, truleg vare lengre enn dei tre åra vi så langt har sett opp som ramme. For å sikre at vi gjer dette rett, får med dei riktige samarbeidspartnarane og forankra prosjektet hos alle interessentar, har vil valt å dele aktivitetene i to – eit forprosjekt og eit hovudprosjekt.

Forprosjekt skal fungere som ein pilot for nokre av aktivitetane, men har og som mål å leggje til rette for hovudprosjektet. Tiltaka i forprosjektet er derfor skildra i detalj, medan aktivitetane i hovudprosjektet er av meir prinsipiell karakter. Det er ikkje satt opp budsjett for hovudsprosjektet.

### **a. Forprosjektet:**

#### **Målsetting:**

- Forprosjektet skal avklare rammene for, organisering av og dei konkrete aktivitetane som skal gjennomførast i eit treårig prosjekt for forvalting av landskapet i Nordhordland.
- Vi skal kartlegge ulike landskaps typar i pilotområde og ser etter to typar.
  - i. Eit som representerer Nordhordland i miniatyr (der vi har aktivt skogbruk, landbruk, tilgroing, lystgårdar, naturvernalar mv.),
  - ii. Eit eller fleire andre som vi grip fatt i først og fremst for å syne fram resultat av arbeidet vårt tidleg.
  - iii. Hoplandsosen (på begge sider av fjorden) kan vere eit «miniatyrområde». Io er og foreslått. Ei av holmane i Alverstraumen kan vere eksempel på den andre typen pilotområder. Andre «symbolområder»: Modalen, Utsiktpunktet i Stordalen, Frekhaug....
- I forprosjektfasen skal vi arrangere eit seminar i Nordhordland der vi set dei ulike mogelegheitene og utfordringane knytt til kystsogbruk og kystlynghei på dagsorden. Seminaret skal fungere som ei oppsummering av forprosjektfasen og gje retning og innspel til kva innhald hovudprosjektet skal ha for at det skal bli viktig for regionen. I tillegg i tillegg ønskjer vi at seminaret skal vere inspirerande for alle involverte parter.
- Vi skal kartlegge, mobilisere og engasjere naturleg involverte partnarar og andre interessentar det er naturleg å dra inn i prosjektet sine ulike aktivitetar og fasar.

**Merknad [AA1]:** I den ferdige prosjektkissa bør vi ha avklart kva område vi vil ta fatt i.

### **Strategisk:**

- Gå gjennom eksisterande tiltak og litteratur for å sikre at vi i hovudprosjektet bygger på all tilgjengelig kunnskap som finst i kommunane og elles.
- Gjennomføre møter med alle interessentar for å sikre bred forankring.
- Mobilisere, informere og engasjere
- Utvikle et overordna grep for hovudprosjektet der vi tar omsyn til miljømessige, samfunnsmessige, kulturelle og økonomiske interesser knytt til forvaltning av kystskogen i Nordhordland. I dette arbeidet skal det leggast særlig vekt på å sørge for at hovudprosjektet utvikles på en slik måte at resultantane kan nyttast for å løyse tilsvarende problematikk på heile Norskekysten.

### **Praktisk:**

- Gjennomføre en spørjeundersøking for å kartlegge haldningar til gjengroingsproblematikken.
- Kartlegge ressursar og problemområder ved hjelp av analyse av flyfoto.
- Gjennomføre møter med aktuelle samarbeidspartnarar – særlig innan FoU.
- Arrangere eit fagleg seminar kring temaet for å få fram innspel, diskusjonar og engasjement. (Se vedlegg 1)
- Vurdere korleis nærings interessentar (mellom anna i kraftnæringen, og i det offentlige (mellom anna Statens Vegvesen) kan trekkas inn i prosjektet.
- Utvikle en organisasjonsmodell for hovudprosjektet.
- Lage budsjetter og finne finansiering for hovudprosjektet.

### **Organisatorisk:**

- Prosjektet organiserast som eit prosjekt i Biosfæreområdet sin portefølje, men på ein slik måte at ein kommune er formell prosjekt-søkjer til Fylkesmannen.
- Det etablerast ei styringsgruppe for prosjektet med representantar for politisk leiing i kommunane, med skogeigarar og folk med landbruksfaglig kompetanse. Biosfæreprosjektet skal vere representert i prosjektleiinga.
- I tillegg skal det setjast ned ein bredt samansett referansegruppe med folk med fagkunnskap, representantar for forskings-miljøa og folk som har direkte interesser i framtida for kystskogen
- Praktisk bør prosjektet kunne styrast av ei mindre arbeidsgruppe.
- Det tilsettast ei prosjektleiar som og kan leie hovudprosjekt dersom vi finner finansiering til dette. Prosjektleieren bør helst ha skogfagleg ekspertise.

### **Samarbeidspartnarar (fleire vil komme til)**

- UiB
- Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- Kommunane i regionen
- Kystsogeigarlaget

- Vestskog
- Landbruks organisasjonane
- Statens Vegvesen
- Skog og landskap

## **b. Hovudprosjektet:**

### **Generelt**

Som allereie nemnt er noko av formålet med forprosjektet å ta dei riktige grepene i høve til å designe hovudprosjektet. Det som er satt opp her, må sjåast som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet. Grunnleggande verdiar, som at tilgroingen ikkje bare skal sjåast på som et problem, men at dette også skal handterast som en ressurs, ligg likevel fast.

### **Målsetting:**

Målsetting for hovudprosjektet er satt opp under punkt 3 ovanfor. Det må i tillegg understrekast at hovudprosjektet har ei praktisk innretning. I prosjektet skal vi ikke bare kartlegge og analysere, men vi skal prøve tiltaka ut i praksis.

Størrelsen på prosjektet gjer at vi må sette opp tydelegare operative mål for kvar del: noko handlar om helse, om hogst, ein del på kulturlandskap, kommunikasjon, utnytting av produksjonsskog, rydding, mv.

### **Aktuelle tiltak hovudprosjektet**

#### **• Planarbeid**

- Bare omtrent halvparten av kommunane har skogbruksplaner. Det vi treng er områdeplaner. Vi vil vurdere om det er tenleg å utvikle ein kommunal temaplan for forvaltning av skog og kulturlandskap (kystlynghei og andre sted-eigne landskapstypar) – gjerne med utgangspunkt i ein av kommunane (t.d. Austrheim).

#### **• Enkle tiltak**

- Vi vil ta innbyggjarane med på å finne fram til dei enkle gode tiltaka. Målet er å utvikle ein slags reiskaps-kasse for dei som vil gjere noko med tilgroingen.

#### **• Kurs**

- Det er registrert stor interesse for praktiske kurs, og vi vil i samarbeid med lokale styresmaker og med friviljuge organisasjonar byggje vidare på dette. Aktuelle kurs: Lage gjerde, lyngbrenning, vedhogst, slakting, motorsagkurs, mv.

#### **• Skog langs vegen**

- Dette er en egen problematikk som kanskje bør skilles ut i et eiga underprosjekt.

#### **• Brannberedskap**

- Bygge vidare på prosjektet som er i gang om beredskap/kompetanseutvikling knytt til fare for skogbrann

#### **• Sanering**

- Finne bærekraftige metodar for å kutte ned skog og sørge for å unngå ny gjengroing

- **Økonomi og lokal næringsutvikling**
  - Prosjektet skal ha fokus på at dette også handlar om økonomi og om kva vil regionen reint økonomisk vil sitte igjen med gjennom et slikt prosjekt.
  - Landskapsressursane skal vurderast ut frå eit økonomisk perspektiv – tradisjonell trelast, ulike former for brensel, mv.
  - Som del av dette skal vi vurdere eit prøveprosjekt der vi ser på tradisjonell vedfyring som eit alternativ til å installere varmepumpar.
- **Tradisjonell utnytting av skogen**
  - Det er interesse, men kanskje manglande kunnskap, om positive måtar å nytte skogen (Andre kvaliteter i skogen som skog enn reint skogbruk): bærplukking, sopp mv.
- **Ny og utradisjonell utnytting av skogen**
  - Bruke flis i gjødsel-kjellaren (lage talle med flis). Sjekke erfaring frå prosjekt i SoFj.
- **Biodiesel**
  - Vidareføre og utvikle lokale initiativ knytt til etablering av et miljø for utvikling av biodiesel. Her skal Mongstad vurderast som et hovudsete for slik aktivitet på Vestlandet.
- **Internasjonalt**
  - Hente inn og bygge vidare på internasjonal kompetanse i handtering av tilsvarende problem i andre land.

#### **Suksesskriteria:**

- ***Informasjon, kommunikasjon, marknadsføring***

Skal vi lykkes med prosjektet må vi satse tungt på informasjon/kommunikasjon. Vi må gå i dialog med alle interessentar både for å få dei engasjerte og for at vi gjør riktige val. Men vi må også bruke ressursar på å informere for å bidra til auka kunnskap, rette opp feil inntrykk (som at sitkagran ikkje kan nyttast til noko) eller for å få fram at det vi gjer verkeleg nytter (marknadsføring). Gode tilbakemeldingssløyfer vert viktige.

## **5. Budsjett: November 2015 – april 2016**

Budsjett

### **Kostnader**

| <b>Forprosjekt</b>   |                |
|--|----------------|
| Administrasjon   | 25 000         |
| Prosjektleiing (6 mnd. 20%)  | 80 000         |
| Møtekostnader  | 7 000          |
| Seminar (lokalleige, servering, føredragshaldarar, reise og opphold) frå seminarbudsjett | 85 000         |
| Reisekostnad   | 5 000          |
| Kartlegging  | 40 000         |
| Diverse  | 3 000          |
| <b>Totalt</b>  | <b>245 000</b> |

| <b>Bioøkonomi-seminar</b>        |              |
|----------------------------------|--------------|
| Adm                              | 10000        |
| Foredragshaldarar                | 30000        |
| Reise foredragshaldarar          | 10000        |
| Lokalar inkludert lunsj for 30x2 | 15000        |
| Overnatting 2000x10              | 20000        |
| <b>Totalt</b>                    | <b>85000</b> |

### **Finansiering**

|                          |                |
|--------------------------|----------------|
| Eigne midlar             | 20 000         |
| Eigeninnsats             | 20 000         |
| Fylkesmannen i Hordaland | 120 000        |
| Hordland Fylkeskommune   | 85000          |
| <b>Totalt</b>            | <b>245 000</b> |

## **6. Vedlegg:**

### **Vedlegg 1**

#### **Seminar om bioøkonomi**

Dette er ei mellombels skisse for eit seminar om berekraftig nytting av naturressursane (skog og ope landskap) i Nordhordland.

**Mål:** Seminaret om bioøkonomi i kystlandskapet er del av forprosjektet for prosjekt «Heilskapleg forvaltning av kystlandskapet», men har og som mål å auke kjennskapen til bioøkonomisk tenking i Nordhordlands-regionen.

**Format:** 2 dagar mars/april 2016

**Organisering:** «Landskapsprosjektet»

#### **Agenda:**

##### **Dag 1**

Bærekraftig produksjon og foredling av fornybare karbohydrat med utgangspunkt i ressursane i kystlandskapet i Nordhordland

Representant for Hordaland Fylkeskommune  
Representant for NHH  
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet

Deltakar:  
Kommunane  
Regionrådet  
Styringsgruppa for biosfæreprosjektet  
Arbeidsgruppa for biosfæreprosjektet  
Landskapsprosjektet  
Matprosjektet

##### **Dag 2**

Workshop landskapsprosjektet